



**BETALINGSSATSAR FOR OMSORGSTENESTER,  
OMSORGSBUSTADAR OG ANDRE TENESTER I  
STRANDA KOMMUNE**

**2019**

Kommunestyret skal vedta betalingssatsar for varer og tenester for kommunale omsorgstenester i og utanfor institusjon. Betalingssatsane vert regulert ein gong i året. Betaling for opphald i sykeheim mv. blir fastsett og beregna med heimel i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. ( helse- og omsorgstjenesteloven) og i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Beløpet blir fastsett av kommunen på grunnlag av beboaren sine inntekter. Dette er fastsatt i [helse- og omsorgstjenesteloven](#) § 11-2 og i [forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#).

Omsorgstenester som kommunen kan ta betaling for er praktisk bistand eller heimehjelp i heimen. Praktisk bistand/hjelp i heimen omfattar reingjering i heimen, snømåking og tryggleiksalarm. Matombringning etter vedtak i helse- og omsorgstjenesteloven blir rekna som praktisk bistand. Kommunen kan sjølv fastsette reglar for eigenandel og betalingssatsar av praktisk bistand/hjelp i heimen. Jfr. i [forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#).

Heimesjukepleie er ei gratis teneste.

## **Lovheimlar gjeld helse og omsorgstjenester til innbyggjarane**

### **☐ Helse- og omsorgstjenesteloven (hol.)**

§ 3-1. Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-2. Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester, nr. 6

§ 3-5. Kommunens ansvar for øyeblikkelig hjelp

### **☐ Pasient- og brukerrettighetsloven (pasrl.)**

§ 2-1 a. Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste

### **☐ Forvaltningsloven (fvl.)**

Dersom tryggleikssalarm eller matombringning blir tildelt utover behovet for tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, nr. 6 og pasrl § 2-1 a, vert desse tildelt med heimel i forvaltningslova.

## **Heimelsgrunnlag for brukerbetaling**

### **Helse- og omsorgstjenesteloven**

§ 11-2. Vederlag for helse- og omsorgstjeneste

For hjelp frå kommunen sin helse- og omsorgstjeneste, herunder privat verksemd som driv etter avtale med kommunen, kan kommunen krevje vederlag av pasient og bruker når dette følgjer av lov eller forskrift.

Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om vederlag for helse- og omsorgstjenester.

### **Forskrift til lov om sosiale tjenester m.v.**

Kapittel 8. Vederlag for sosiale tjenester og for opphold i institusjon mv. - sosialtjenesteloven § 11-2 og kommunehelsetjenesteloven § 2-3 femte ledd.

### **Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester**

Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv. (§§ 1 - 7)

Kapittel 2. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester utenfor institusjon (§§ 8 - 10)

§ 8. Kommunens adgang til å fastsette egenandel og betalingssatser for praktisk bistand og Opplæring

Kommunen kan sjølv fastsetje reglar for betaling av eigenandel og betalingssatsar for praktisk bistand og opplæring etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b, herunder for brukerstyrt personlig assistanse som ikkje er til personleg stell og eigenomsorg.

Med personleg stell og eigenomsorg meiner ein hjelp til å stå opp og legge seg, personleg hygiene,toalettbesøk, hjelp til å kle av og på seg, hjelp til å spise, nødvendig tilsyn og tilsvarende grunnleggjende behov.

Eigenandel kan berre bli krevd av den som mottok tjenesta. Dersom det vert ytt tjenester i heimen på grunn av eit mindreårig barn sitt hjelpebehov, skal dette forståast som at hjelpa vert ytt til foreldra.

#### *§ 10. Samlet inntektsgradert utgiftstak for praktiske bistand og opplæring*

Når kommunen bestemmer den maksimale eigenandelen ein person skal betale pr. år for tjenester som nevnt i § 8 skal betalinga beregnast på grunnlag av husstanden si samla skattbare nettoinntekt før særfradrag. Siste tilgjengelege skatteligning pr. 1. januar i det aktuelle året skal leggjast til grunn med mindre inntekta er vesentleg endra. Til inntekta skal det også leggjast til hjelpestønad fra folketrygda til hjelp i huset, medan omsorgslønn etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 skal trekkjast fra inntektsgrunnlaget.

#### **Praktisk hjelp i heimen**

Kommunen er pålagt å tilby praktisk hjelp til pasientar og brukarar, jf. lov om pasient- og brukerrettigheter (pasrl) § 2-1 a. Betaling er regulert av forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester kap. 2.

Betaling skal reknast utifrå husstanden si samla skattbare nettoinntekt før særfradrag, samt eventuell hjelpestønad, jf. forskrift om egenandel for helse- og omsorgstjenester § 10. (Husstand er ektefeller/samboer + evt. barn under 18 år.)

- Dersom husstanden har inntekt under 2 G, skal den samla eigenandelen for tjenester som nevnt i § 8 ikke overstige eit utgiftstak på kr 205,- pr. måned eller kr 2 460,- pr. år.
- For husstander med inntekt over 2 G kan kommunen sjølv fastsetje reglar for betaling og betalingssatsar.
- Vederlaget må ikkje overstige sjølvkost for tjenesta eller vere så høg at tjenestemottaker ikkje har nok til å dekkje sine personlege behov eller bere sitt ansvar som forsørgjar.

#### **Presisering om maks eigenandel (også kalla minstesats):**

Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstjenester § 10 5.ledd: «Kommunen skal minst årlig oppdatere egenandelsvedtaket ut fra nye opplysninger i likning og ny G.»

Kvart år får kommunen melding fra staten om endring i fribeløp og eigenandelar for kommunale helse- og omsorgstjenester. Endringane vil gjelde fra 01.januar.

I proposisjon til Stortinget (Prop. 1 S 2017-2018) er maksimal eigenandel per måned for praktisk bistand for dei med inntekt under 2 G, justert fra 200,- til kr 205,- med verknad frå 01.01.2018.

#### **Samla inntekt under 2 G:**

Betaling for praktisk hjelp for husstandar som har inntekt under 2 G skal vere kr 205,- pr. måned uavhengig av kor mange timar hjelp vedkomande har. Maks eigenandel er kr 205,- fra fyrste time.

### **Samla inntekt over 2 G:**

Vederlag for praktisk hjelp for husstandar som har over 2 G er gradert etter grunnbeløpet i folketrygden. Betaling er minstesats + diff. mellom selvkost og minstesats - delt i 4 intervaller - kr. 48 per intervall. (Se beregninger nedenfor.)

### **Sjølvkost fagarbeidar**

Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstjenester § 9 regulerer selvkost beregning. «Selvkost beregnes til en gjennomsnittlig timelønn for den tjenesten som utføres, tillagt sosiale utgifter samt administrasjonsutgifter som skal utgjøre 10 prosent av timelønnen og sosiale utgifter. Tidsforbruket rundes av til nærmeste halvtime.»

\* Sjølvkost er regnet ut for fagarbeider i turnus (35,5 t/v – 1846 t/år) med full ansiennitet i 100% stilling etter gjeldende tariff inkl. sosial kostnader + 10% adm. kostnader.

*Regnestykket for sjølvkost fagarbeider for 2018:* 363,--kr

Årslønn for en fagarbeider med full ansiennitet i 100% stilling, uten tillegg for natt og helg:  
Kr. 429 700,-

Kveldstillegg og helgetillegg er ikkje tatt med i beregningen av sjølvkost for ein fagarbeider.

### **Tryggleikssalarmar**

Tryggleikssalarm (eller matombringning) er i utgangspunktet ikkje ei lovpålagt tjeneste, og er ofte tildelt som praktisk bistand. Dersom tryggleikssalarm (også matombringning) vert tildelt utover behovet for tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, nr. 6 og pasrl § 2-1 a, vert tenesta tildelt med heimel i forvaltningsloven. Kommunen fastsett då eigenandelen sjølv, men med sjølvkostutgifter som eit øvre tak.

### **Matombringning**

Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester kap 2. regulerar også brukerbetaling for matombringning.

Ved beregning av priser for matombringning vert det brukt same betalingsprinsipp som er nytta ved praktisk hjelp og trygghetsalarm, med prisen vert gradert ihht. samla inntekt for husstanden, jf. Rundskriv I-6/2006 presisering av regelverk for egenandelsbetaling for sosiale tjenester.

Dei som har inntekt under 2 G betaler kun for råvarene.

Tilrettelegging av måltidet er sett på som praktisk hjelp og går inn i denne tjenesten. Disse er forebyggende tjenester som ikkje bør ha for høg eigenandel.

### **Dagsenter og transport**

Dagsentertilbud er ei førebyggende tjeneste. Opphold i dagsenter og transport til og fra dagsenter bør samla sett ha ein rimelig pris. Prisen for opphold i dagsenter for 2019 er sett til kr 100, dette er kun for maten som vert servert.

For transport til og frå vert det ein eigenandel på kr 25,- pr. dag.

### **Korttidsopphold institusjon – dag- og nattopphald**

Etter forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstjenester § 1, er korttidsopphold definert som "tidsavgrenset opphold i institusjon gitt som døgnopphold, dagopphold eller nattopphold."

Eigenandel for dag- og nattopphald: kr 80,- pr. dag/natt (Prop. 1 S 2017-2018).

Pris for korttidsopphold i institusjon er regulert i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester § 4

Eigenandel for døgnopphold: 160,- pr. døgn (Prop. 1 S 2017-2018).

Brukeren betalar for tall liggedøgn. Har brukeren vore på institusjon i minst 60 døgn pr kalenderår, vert det krevd vederlag som for langtidsopphold. Det same gjelde for rehabiliteringsopphold.

### Langtidsopphald på institusjon

Forskrift om egenandel for kommunale helse og omsorgstjenester § 1 definerar langtidsopphald som "opphold i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrenset opphold når vedkommende har vore på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår."

I følge § 3 i forskrift om eigenandeler skal det av inntekter inntil folketrygda sitt grunnbeløp, trekkjast frå eit fribeløp per år, og det kan krevjast betalt med inntil 75 prosent årlig av inntekta. Av inntekter utover folketrygda sitt grunnbeløp betalast det inntil 85 prosent. Betalinga skal begrenast slik at einkvar har igjen til eige bruk minst 25 prosent av folketrygda sitt grunnbeløp i tillegg til fordelten av fribeløpet.

Friløpet før beregning av vederlag for langtidsopphold i institusjon er sett til kr 8.200,- jfr. Prop 1 S (2017-2018) og Stortinget sitt vedtak om endring av forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.

**De som mot eige ynske får opphold i dobbeltrom, få redusert eigenandel ved at det vert gitt eit fribeløp på kr 39.300,-.**

### Betaling for praktisk bistand/hjelp i heimen

1 G = kr 96.883,- pr. 01.05.18

Timestas for praktisk bistand berekna utifrå sjølvkost er kr 363,-

| G= k.r    | Inntekt (kr.)        | 2019<br>Timesats tom 9 timar | 2019<br>Abonnement<br>Fom 10 timar pr.mnd |
|-----------|----------------------|------------------------------|---|
| 96.883    |                      |                              |   |
| Under 2 G | 0 – 193.766          | 205,-                        | 205,-                                     |
| 2 -3      | 193.766 –<br>290.649 | 244,-                        | 2440,-                                    |
| 3 -4      | 290.649 –<br>387.532 | 284,-                        | 2840,-                                    |
| 4-5       | 387.532 –<br>484.415 | 324,-                        | 3240,-                                    |
| Over 5G   | Over 484.<br>415     | 364,-                        | 3640,-                                    |

## Husleigetakstar for omsorgsbustadar

Det er omsorgsbustadar i alle dei fire bygdelaga i kommunen. Bustadane har noko ulik standard og storleik, og husleigetakstane er difor differensierte.

Det er ulike typar varmekjelder ved omsorgssentra og i omsorgsbustadane. Enkelte har fjernvarme, andre sentralvarme og nokon elektrisk oppvarming. Enkelte omsorgsbustadar har egne strømmålarar der bebuar får tilsendt rekning direkte frå leverandør. Andre har fast pris på straum utanom sentralvarme.

Det er ynskjeleg at kommunen ikkje har høgare husleigetakstar enn at bebuarar med låg inntekt har igjen nok midlar til både praktisk bistand, andre tenester og eige underhald etter at buutgiftene er betalt. Det er lagt på deflator med 2,8% i auke av satsane.

| BUSTAD    | TYPE   | LEIGE<br>2018 | VARMEK<br>2018 | SUM<br>2018 | LEIGE<br>2019 | VARMEK<br>2019 | SUM<br>2019 |
|-----------|--------|---------------|----------------|-------------|---------------|----------------|-------------|
| Solbakken | enkel  | 4.575,-       | 365,-          | 4.940,-     | 4.706,-       | 375,-          | 5.081,-     |
| Solbakken | dobbel | 6.032,-       | 544,-          | 6.576,-     | 6.205,-       | 560,-          | 6.765,-     |
| Liabygda  | enkel  | 4.575,-       | 365,-          | 4.940,-     | 4.706,-       | 375,-          | 5.081,-     |
| Liabygda  | dobbel | 6.032,-       | 544,-          | 6.576,-     | 6.205,-       | 560,-          | 6.765,-     |
| Dalane    |        | 6.962,-       | 626,-          | 7.588,-     | 7.162,-       | 638,-          | 7.800,-     |
| Egga      |        | 6.962,-       | 626,-          | 7.588,-     | 7.162,-       | 638,-          | 7.800,-     |
| Geiranger | enkel  | 4.575,-       | 365,-          | 4.940,-     | 4.706,-       | 375,-          | 5.081,-     |
| Geiranger | dobbel | 6.032,-       | 544,-          | 6.576,-     | 6.205,-       | 560,-          | 6.765,-     |
| Sunnylven | liten  | 5.361,-       | 365,-          | 5.726,-     | 5.515,-       | 375,-          | 5.890,-     |
| Sunnylven | enkel  | 6.962,-       | 626,-          | 7.588,-     | 7.162,-       | 638,-          | 7.800,-     |
| Sunnylven | dobbel | 6.962,-       | 626,-          | 7.588,-     | 7.162,-       | 638,-          | 7.800,-     |
| Sunnylven | 3OB    | 7.865,-       |                | 7.865,-     | 8.091,-       | 638,-          | 8.729,-     |
| Nymarka   |        | 6.962,-       | 626,-          | 7.588,-     | 7.162,-       | 638,-          | 7.800,-     |

## Andre tenester

Nokre av desse er tenester som i utgangspunktet ikkje er lovpålagt, men eit tilbod som kommunen har, som til dømes vask av privattøy, leige av sengetøy og handdukar mm. Dei blir i hovudsak tildelt etter *forvaltningsloven* og ikkje etter *helse- og omsorgstjenesteloven*.

Dersom brukar har behov for og kommunen tildeler tenesta med vedtak i *helse- og omsorgstjenesteloven*, t.d. matombering, i staden for å lage mat hos brukar, skal betalinga for tenesta vere for sjølve produktet. Tenesta blir då rekna som personleg eigenomsorg og fell under *Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester § 8*.

Prisauken er i hht defaltor på 2,8%

| TENESTE                                    | 2018                       | 2019<br>ETTER<br>FVL | 2019<br>ETTER HOTL og<br>PASRL. |
|--|----------------------------|----------------------|---------------------------------|
| Ymse tenester høg sats                     | 920,- pr. mnd.             | 946,- pr.<br>mnd.    | 946,- pr. mnd.                  |
| Ymse tenester låg sats                     | 512,- pr. mnd.             | 527,- pr.<br>mnd.    | 527,- pr. mnd.                  |
| Leige av tryggleiksalarm med<br>nøkkelboks | 230,- pr. mnd.             | 235,- pr.<br>mnd.    | 205,-                           |
| Leige av nøkkelboks                        | 82,- pr. mnd.              | 84,- pr.<br>mnd.     | 0,-                             |
| Dagsenter inkludert måltid                 | 123,- pr. dag              | 126,- pr.<br>dag     | 126,- pr. dag<br>(kun måltider) |
| Eigenandel skyss dagsenter<br>tur/retur    | 22,- pr. dag               | 25,- pr. dag         | 25,-                            |
| Middag med suppe eller dessert             | 90,- pr. dag               | 90,- pr. dag         | 50,- pr. dag                    |
| Frukost og kveldsmat                       | 26,- pr. dag pr.<br>måltid | 40,- pr. dag         | 40,- pr. dag                    |
| Kaffe med kake                             | 23,- pr. dag               | 25,- pr. dag         | 25,- pr. dag                    |
| Fullkost ved omsorgssentera                | 150,- pr. dag              | 150,- pr.<br>dag     | 115,- pr. dag                   |

FVL = Forvaltningsloven

HOTL = Helse- og omsorgstjenesteloven

PASRL = Pasientrettighetsloven